

Sabima kartleggingsnotat 24- 2017

Soppkartlegging i Solund

Av Harald Eriksen





Soppkartlegging i Solund 2017

Emneord: Soppmangfald, soppsakkunnige i Sogn og Fjordane, kvite flekkar

Deltakarar

Sunnfjord sopp og nyttevekstforening arrangerte kartleggingssamling for sine soppsakkunnige og andre med særskild interesse for kartlegging av storsopp i Solund andre helga i september. Vertskap og kjentmenn var Pascale Baudonell og Nils Christian Bjørgo.

Deltaakarane i år var Eli Heiberg og Harald Eriksen (soppsakkunnige), Fred Arild Grøneng, Janikke Oterholt, Hilde Eriksen, Christian Zurbuchen, Pascale Baudonell og Nils Christian Bjørgo. Fleire av dei andre soppsakkunnige hadde ynskt å vere med, men måtte melde forfall grunna andre gjeremål, mellom anna vakt i Digital sopkontroll.

Kartleggingsområde

Solund er ein øykommune ytterst i Sogn på nordsida av Sognefjorden.

Berggrunnen består i hovudsak av konglomerat, men og med innslag av andre typar. Området har vore lite kartlagt og det ervesvært sparsomt med registreringar av storsopp frå kommunen. Sidan det er få kartleggarar med på turen blei berre tre lokalitetar undersøkt nøye og registrert i Artsobservasjonar. Det vart gjort nokre andre funn, men desse er førebels ikkje registrert i Artsobservasjonar.

Det vart gjort observasjonar både i beitemark, skogsmark og innmark. Baudonell og Bjørgo driv med villsau og beitinga på lokalitetane gjorde at det var mykje lettare og meir interessant å drive kartlegging.

Funn



Rødnande slørsopp *Cortinarius cyanites* funne i Storevik

I alt vart 52 artar storsopp bestemt, registrert og dokumentert i **Artsobservasjonar**. I området Sandvik som var base vart det alt fyrste kvelden funne mange artar som var nye for deltagarane. Mellom desse var papegøyevokssopp, seig vokssopp og gulfotvokssopp. På området i Storvik som er brukt som hestebete for dei to islandshestane til Pascal vart det mellom anna funne rødnande slørsopp, rosaskrubb og kruskantarell/grå trompetsopp. På området Utmarksbeitet var jordtunger, mellom anna lodden jordtunge blant dei mest interessante funna.

Ut frå den generelle sopphausten på våre kantar, den korte tida me hadde til råvelde og talet på deltagarar er vi godt nøgde med resultatet. Mange artar som var ukjende for oss, spennande geologi og vakkert kystlandskap.